

Hordaland Fylkeskommune.  
Eigedomsavdelinga  
Postb. 7900  
5020 Bergen

19.03.14

## **Søknad om midlar til opprusting av fylkeskommunale gardsbruk 2014**

Dykkar referanse telf. frå Bjarte Molvik feb. 2014

Viser til brev frå Eigedomsseksjonen 24.01.13 om midlar til opprusting av fylkeskommunale gardsbruk og kjem med fylgjande prioriteringar for Hjeltnes vidaregåande skule.

### **1. Utstyr til planteproduksjonen**

Gjødselblandaren som er i bruk i planteskulen har lenge vore vanskeleg å drifta og «ustadig». I fjar haust slutta han heilt å virka. Alder og tidlegare reperasjonar tilseier at me må kjøpa ny.

Ved nybygg av veksthus for planteskulen på gartneritomta kan me flytta med oss denne gjødselblandaren.

Kostnad gjødselblandar	kr 70 000 + mva
------------------------	-----------------

Slatteutstyret i frukthagen er ein traktormontert grasknusar som blir køyrd mellom frukttre rekkene fleire gonger i sesongen. Den me har no er 14 år og kan ryka når som helst pga svakhet i hovudaksling. Skulen er heilt avhengig av dette utstyret for å få gjort slåttearbeidet i frukthagen.

Kostnadsoverslag: grasknusar til frukthagen	kr 40 000 + mva
---	-----------------

### **2. Fliskuttar -Utstyr til rydding av utkantar, åkerreiner, beite og grøntanlegg**

Det er kvart år mykje trevirke som vert rydda på bruket. Noko vert saga opp til ved til bruk på internatet og selet i fjellet, men mykje greinmasse må køyrast på greintipp for sakte omdanning. Denne greinmassen kunne vore kutta opp og ført tilbake i grøntanlegg eller utmark. Denne måten å behandle trevirke på er og vanleg i større anleggsgartnerfirma, så utstyret er relevant i høve til undervisning. Arboristane treng og mykje «øvingstre» som blir kutta ned. Oppryddinga her ville vore mykje meir effektiv med ein fliskuttar. Effektiviteskrav og at han må ta greiner av stor dimensjon set krav til storleiken på utstyret.

Kostnad fliskuttar:	kr 125 000 + mva
---------------------	------------------

### **3. Utbetring av løa**

Skulen har ikkje lengre eigne dyr i løa, men me har 3 hestestallar som elevar kan bruka til eigne hestar. Dette har vore både populært og miljøskapande på skulen. Løa treng ein del bygningstekniske utbetringar for å betra miljøet for dyr og folk. Me ynskjer å leggja inn vatn i boksane, no må det berast inn i bytter. 5 vindauge i rommet må skiftast, 2 innvendige dører må settast inn for å avgrensa mot resten av løa. Overbygd inngangspartiet må utbetrast med nye takplater og takrenner, (utett bølgeblick i dag), utskifting av noko reisverk og oppsetting av lettvegg over mur. For å bruka beite i



nærleiken av løa og kunna skifta beite ofte, er det ynskjeleg å ha elektrisk gjerde som går på enkel solcelleenergi.

Kostnadsoverslag: kr 130 000 + mva

#### **4. Fornying av frukthagen**

Omløpstida for frukthagen vert kortare og kortare, det vil sei at ein må fornye felta raskare. Moderne plantingar krev tettare planting, nye oppbindingssystem og vatningsanlegg. Rydding og fornying er difor ein større og større kostnad. Innan konvensjonell dyrking har ein tilskotsordningar via Innovasjon Norge der dyrkarane får opp til 50 % tilskot til rydding og nyplanting. I 2009 søkte skulen om slikt tilskot, men fekk avslag med denne grunngjevinga: "I det Kongelege Landbruks- og Matdepartement's fastsettelse av forskrift om midlar til bygdeutvikling heiter det i§ 3, pkt 5, andre tiltak: Tillskudd etter denne forskrift kan ikkje gis til: pkt d) tiltak på landbrukseiendommer som i sin helhet eies av stat, fylke eller kommune." Det vil derfor vera rimeleg at skulen får ekstra tilskot frå eigar slik at me har moglegheit til å fornya på lik line med andre dyrkarar. Me ynskjer å fornya 4 da med eple.

Kostnadsoverslag: 5 da eple a kr 40000 kr 200 000 + mva

Me ser fram til eit positivt svar og snarleg tilbakemelding .

Med beste helsing  
Gunnbjørg Øyre  
Rektor  
Hjeltnes vidaregåande skule